



Tina Solberg Pedersen
Spiki 31
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1442 - 16/12088

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

03.05.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 108/574

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.04.16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltakshavar og heimelshavar er ikkje same person. Det må sendast inn erklæring signert av heimelshavar der han samtykker til tiltaket.
2. Kommunen har vurdert nabovarslinga som er gjort og meiner det er trong for ytterlegare varsling av nabo/gjenbuar, jf. pbl § 21-3 2. ledd. Følgande eigedomar bør varslast om tiltaket. Gbnr. 108/562, 108/563 og 108/571.
3. Situasjonsplanen er mangelfull. Det må målsettast minste avstand til nabogrense, eksisterande bygning og vegmidte.
4. Søknad om dispensasjon er ikkje grunngjeve. Søknad treng dispensasjon frå reguleringsplan når det gjeld byggegrense. Tiltaket vil òg gje ei tomteutnytting på over 20% BYA som mefører at det òg må søkast dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen. Gjeldande reguleringsplan er ein eldre reguleringsplan og seier ikkje noko om grad av utnytting. I desse tilfella vert kommuneplanens arealdel lagt til grunn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.06.16**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Vi gjer merksam på at tilbakemeldinga er basert på ein foreløpig gjennomgang av saka. Når supplerande informasjon er sendt inn vert saka fordelt til saksbehandlar som vil ta ein fullstendig gjennomgang av innhaldet i søknaden.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
byggesakssjef

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tina Solberg Pedersen

Spiki 31

5955

LINDÅS